



Månadsbrev september 2020

Velkomen til eit nytt skuleår! Det blei hektisk i oppstarten, og dermed vart det ikkje månadsbrev før nå. Første skuledag starta flott med alle elevane (35), m.a. tre (3) førsteklasingar, samt både foreldre og besteforeldre samla i amfiet på tilviste plassar. Sidan me ville smi medan veret var varmt, vart det litt fram og tilbake med heildags-turen, men heldigvis snudde alle, foreldre, elevar og lærarar, seg rundt, og me hadde ein fin og lang skuledag på sykkel og i kano, med bading og grilling.

Me må framleis ta omsyn til smittevernreglar, sjølv om det går litt i gløymeboka. Rutinen med handvask før første time og etter friminutt går fint, men det er ikkje like lett å halda litt avstand. Elles gjeld framleis regelen om at ein må halda seg heime ved symptom på sjukdom. Me kan ikkje ha same opplegget som under heimeskulen, men passar det, kan læraren sender over det elevane skal arbeida med denne dagen. Elles gjer barnet lekser så godt dei kan. Meld frå til skulen snarast om karantene, testing m.m., for det skal rapporterast vidare. Nå kan alle bli testa etter avtale med lækjar-kontoret. Ein treng ikkje testast for å koma på skulen igjen, men må sjølvstøtt vera symptomfri.



Hugs å leggja inn samtykke i **Visma Flyt Skule**, samt senda meldingar/fråvær og søkja om fri og ekstradagar i SFO. Nå har lærarane fått tilsett-app som vert utvida etter kvart, der dei får varsel om ny aktivitet, og me vonar det vil fungera fint.

1.-4. klasse har allereie hatt foreldremøte, og mellomtrinnet gjennomfører det tysdag 8. september. Dei nye **trivselsleiarane** i 7. klasse vil få digital opplæring saman med Hilde i år, og 5. klasse skal ha **nasjonal prøve** i rekning, lesing og engelsk i løpet av september. Elles er dessverre leirskulen for 7. klasse avlyst i haust, men dei har rett på minst tre dagar med overnatting, så det kjem me attende til etter kvart.

Mykje blir avlyst eller utsett, og det blir eit digitalt eindagars ASP-net-seminar i staden for tre dagar til Nordhordland biosfæreområde. 29. september blir det oppsummering og avslutning av **DEKOM/fagfornying** for lærarane med **UiA**, men me held fram med arbeidet med å implementera nye fagplanar. Det kan føra til endra årsplanar i nokre fag og på nokre trinn.

Elles er rivinga av delar av skulen frå 1975 i gang, og det er bestemt at me skal få brakker i løpet av september slik at me får litt betre plass. Her må me vera fleksible og tolmodige, og sjå fram til målet: Flotte tilhøve i første byggetrinn for både elevar og lærarar om eitt års tid!



Sinnes 01.09.20, *Åse-Berit* (rektor)